



Reigstad bygg og eigedom AS  
Osterfjordvegen 124  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 14/654 - 14/18785

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
22.08.2014

## Utsleppsløyve for to bustadar - gbnr 188/14 og gbnr 188/307 - Gjervik Ytre.

### Administrativt vedtak. Saknr:

**Tiltakshavar:** Arne Reigstad  
**Ansvarleg søker:** Reigstad Bygg og Eigedom AS  
**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve i samband med at det vert søkt om bruksendring frå hytte til bustad på gbnr 188/14. Utsleppssøknaden omfattar også bustad på eigedomen gbnr 188/307 som i dag har avlaupsanlegg med slamavskiljar og sandfiltergrøft. Tiltakshavar eig begge eigedomane.

Avlaupet frå eigedomane skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg før det vert ført vidare til eksisterande sandfilteranlegg.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 10 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 12.06.2014.

#### Plan

Eigedomen ligg i uregulert område som i kommunenplanen sin arealdel er avsett til LNF-føremål med særskild omsynssone landbruk. Det er i vedtak datert 05.03.2014 gitt dispensasjon frå gjeldande arealføremål for bruksendring frå fritidsbustad til bustad og etablering av tilkomstveg og avlaupsanlegg.

#### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla som del av byggjesaka. Det ligg ikkje føre merknader frå naboar.



## **Plassering**

Plassering av anlegget er vist på situasjonsplan datert 20.09.2013.

## **Reinseløysing**

Det skal nyttast biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac FD 10 N for nedgraving. Avlaupet frå reinseanlegget skal førast til eksisterande sandfilteranlegg.

Anlegget tilfredsstiller NS EN-12566-3. Omsøkte reinseløysing stettar krav til utsleppsstad i følsamt/normalt område med brukarinteresser.

## **Privatrettslege tilhøve**

Avlaupsanlegget skal plasserast på eigedomen gbnr 188/6. Det ligg føre avtale datert 23.10.2013 om plassering av anlegget slik vist på situasjonsplan datert 20.09.2013, jf arkivsak 13/3404.

Tiltakshavar eig i dag både gbnr 188/14 og 188/307. Kommunen vil tilrå at det vert inngått avtale om bruk og drift av felles reinseanlegg ved ei eventuell overdraging av eigedom til ny eigar.

## **VURDERING**

### **Plassering**

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen sin vurdering godkjennast i samsvar med kart datert 20.09.2013.

### **Reinsekrav**

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre med krav til at det vert montert eit sikkerheitsfilter for å hindra slamflukt før avlaupet vert ført til sandfilteranlegget (t.d. grusfilter i kum eller slamavskiljar).

### **Drift og vedlikehald**

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 c. Det skal dokumenterast at serviceavtale ligg føre før det vert gjeve bruksløyve/ferdigattest.

### **Naturmangfaldlova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbasen.no](http://www.naturbasen.no). Kommunen finn ikkje at tiltaket vil koma i konflikt med naturmangfaldslova.

### **Godkjenning etter andre lovverk**

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1. Tiltaket er søkt om vert handsama som del av søknad om løyve til tiltak for bruksendring frå fritidsbustad til bustad.

## **VEDTAK:**

**Kommunen gjev i samsvar med Forskrift om begrensing av forurensing, kap 12, utsleppsløyve for gbnr 188/14 og gbnr 188/307, 10 pe, i samsvar med søknad mottatt 12.06.2014 og på følgjande vilkår:**

- **Avlaupet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg før det vert ført til eksisterande sandfiltergrøft. Det skal monterast sikkerhetsfilter for å hindra slamflukt før avlaupet vert ført til sandfilteranlegget.**
- **Anlegget skal plasserast slik vist på kart datert 20.09.2013.**
- **Det skal dokumenterast serviceavtale for drift- og vedlikehald av anlegget før det vert gitt bruksløyve/ferdigattest.**
- **Arbeidet med etablering av anlegget kan ikke ta til før naudsynt løyve til tiltak etter plan- og bygningslova ligg føre.**
- **Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller andre fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstilla arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

### **Ferdigstilling**

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melde i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Anlegget eller nokon del av det kan ikke takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

### **Tilsyn, endring og opphør av løyvet**

Kommunen er forureiningsstypesmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstypesmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

#### Om utsløpet fører til

Om utsleppet fører til uventet forureningsproblem, kan forureningsstyrrelsen oppnevne eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om naudsynt kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

**GEBYR**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
17.2.3	Utslepp < 50 pe	1	Kr 5 300,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 5 300,-

## Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/654

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arne Reigstad Osterfjordvegen 5914  
166

## Mottakarar: